

# Fem nye år for fjord- fiskarar



Kortreist fisk: Fjordfiskar Frode Strønen vonar at Hardangerrådet fekk matnyttig inspirasjon i Toscana. Kunnskapen bør overførast til handling på lokalplanet, meiner han.

Sjarkfiskarane i Hardanger vil i år hala opp 120–140 tonn, men fisk frå fjorden står ikkje på nokon mein-  
nyar.

ÅSMUND SOLDAL

Samvirkelaget Fiskfråfjorden fekk nyleg fritak frå gjeldande reglar i fem år for å driva ei henterute med bil frå ei rekke fiskefartøy i Hardanger. Fisken vert levert til mottaket Nordhordland fisk AS på Radøy før han vert distribuert.

– Slik er det berre. All fisk som vert seld, må innom eit godkjent mottak, seier fiskar Frode Strønen på Torsnes.

Fiskeridirektoratet gav dei lokale fiskarane fritak frå regelen om "fortløpande veking" av fangsten. Ifølgje Strønen vil det seia at fisken frå Hardanger ikkje treng vegast om bord i båten. Han vert

registrert på fiskemottaket.

#### – Får tid til å planleggja

– Med dette fritaket har direktoratet har gjeve oss tryggleik for at me får selja all fisk me greier å fanga. Det gjer det mykje lettare for fiskarane å planleggja investeringar i nautsynt utstyr, seier Strønen, som er styreleiar i Fiskfråfjorden.

Henteruta med bil vart oppretta i januar. Fiskarane selde 67 tonn fjordfisk gjennom mottaket dei seks fyrste månadene av året. 11 fartøy frå Kvam, Jondal, Odda, Kvinnherad og Samnanger er med i samvirkelaget. Dei vil til saman i år truleg levera 120–140 tonn fisk og skaldyr til mottaket.

#### Til Toscana for å læra

Strønen vonar at medlemene skal greia å fiska 150–200 tonn neste år. Styreleiarane synest det er kjekt at Fiskeridirektoratet meiner Fisk-

fråfjorden driv i samsvar med intensjonane i havressurslova. Dispensasjonen frå vegeplikt gjer at fiskaren berre treng å stipulera vekt av fangsten på landingssetelen. Mottaket skriv ut den offisielle sluttsetelen.

Strønen vonar at mellom andre serveringsverksemdene i Hardanger skal få augo opp for den lokale matressursen. Fiskfråfjorden har enno ikkje lukkast i å få innpass. – Eg vonar at studieturen som Hardangerrådet nyleg hadde i Toscana, kan resultera i noko positivt på heimebanen. Det var truleg mykje å læra av Toscana, der ein på meisterleg vis utnyttar sine lokale føremoner og ressursar, seier Strønen, som ynskjer ei "toscanifisering" av Hardanger.

Fiskfråfjorden fekk økonomisk fødselshjelp av Noregs vel, Hardangerrådet og fylkeskommunen. soldal@hf.no

## Israelskveld i Steinsdalen

Teolog og tidlegare sjefredaktør i Dagen, Odd Sverre Hove, held føredrag om Israel i Steinsdalen bedehus søndag.

Dag Rune Lid seier på vegner av arrangøren at programmet er todelt. Hove snakkar fyrst om temaet *Døde bein som reiser seg*, med tilvising til profetien i Esekiel, kapittel 37.

I den andre avdelinga tek han føre seg situasjonen i Israel i dag. Det er stor spening med raketane som peikar mot Israel frå Hizbollah i Libanon, og det er uroleg i Syria.

Ein har knapt opplevd at så mange av profetiane om Israel i Det gamle testamente har gått i oppfylting, som det me opplever i vår tid, hevdar Lid.

## Snusar på gangbru

Statens vegvesen har tinga eit forprosjekt med eit kostnadsoverlag for gangbrua som er skissert i reguleringsplanen for den nye rundkøytinga i Øystese. Bakgrunnen er at den tverrsektorielle gruppa i Trygge lokalsamfunn sende brev til Kvam bompengeselskap AS og hevda at løysinga for mjuke trafikantar i området er dårlegare enn for på grunn av Børvenestunnelen.

Statens vegvesen er samd i at tilbodet til mjuke trafikantar frå Børvenes til Øystese sentrum har vorte dårlegare.

I den reviderte reguleringsplanen, som vart vedteken i september, er det teke med ei gangbru over armen mot

tunnelen. Gangbrua er ikkje med i Kvammapakken.

I tråd med Rambøll Norge AS sin risiko- og sårbarheitsanalyse er det gjort fire tiltak ved rundkøytinga. Det er laga opphøgde gangfelt og ei vegskulder mellom gangfelt og rundkøytinga, det er montert meir lys, og fartsgrensa inn mot rundkøytinga er redusert til 50 kilometer i timen.

– Rumløstfeltet i tunnelen verkar når det er nytt, men må vedlikehaldast heile tida for å gje effekt. Tiltaket har avgrensa effekt på tryggleiken. Statens vegvesen vil no sjå på korleis trafikksituasjonen ved rundkøytinga utviklar seg etter at tunnelen er teken i bruk, skriv seksjonsleiar Wilhelm Lund til bompengeselskapet.

## Frårår ordning

Fagforbundet (FF) i Kvam og Utdanningsforbundet (UF) i Kvam og Fusa meiner born i barnehagane bør reknast som treåringar når dei faktisk er tre år. Ifølgje forbunda er førskuleleiarane sitt klare, faglege råd til politikarane i Kvam at prøveordninga med å rekna born som treåringar frå dei er 2,5 år ikkje vert gjort varig.

– Prøveordninga gjev mindre tid til enkeltborn, foreldre og born får eit dårlegare pedagogisk tilbod, og sjukefråveret vil truleg auka dersom ordninga vert varig. Mange har alle- reie valt å ikkje arbeida i full stilling på grunn av krevjande arbeidsforhold, skriv Ragnhild Rykkje i FF og Kjerstin Valland i UF til barnehagesjef Mali Grete N. Aksnes.